

ROGALAND BONDELAG



Organisasjon
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO

Att.: Åse Berit Valle

Vår sakshandsamar
Olav Sande
51 88 72 72

Vår dato
01.03.2012
Dykkar dato

Vår referanse
• 11/00265-4
Dykkar referanse

Medlemskontingent til samdrifter

Styret i Rogaland Bondelag gjorde følgjande vedtak på møte 16. februar:

Vedtak

Rogaland Bondelag viser til innkomen sak frå lokallaga i Hå kommune angående kontingent til samdrifter. Styret oversender saka til styret og årsmøtet i Norges Bondelag for vidare behandling. Fylkeslaget anbefaler at det vert innført tak på kontingent på samdrifter lik den som er på enkeltmannsføretak.

Bakgrunn for saka:

Det er kome reaksjon frå lokallaga i Hå på kontingent for samdrifter. I brevet vert det og peikt på at det er for dyrt og vera medlem i organisasjonen, det skjer utmeldingar og det er vanskeleg å driva verving av nye medlemmar til bondelaget. Brevet frå Bondelaga i Hå er lagt ved. Kontingentsatsane vert vedtekne på årsmøtet i Norges Bondelag.

Kontingenten til samdrifter har vore, og er eit vanskelig tema for oss i Rogaland Bondelag.

Kort om problemstillingar:

- Medlemskontingent i Norges Bondelag er likt for alle.
- Medlemskontingent til Bondelagets Servicekontor a/s er avhengig av areal og produksjon. Det er denne kontingentordninga som har eit tak på kontingent for enkeltmannsføretak, som er på kr 5.950,- + mva. Samdrifter er som regel organisert som eit DA, nokre få som a/s, og vil då ikkje koma inn under ordninga med tak på kontingent.
- Fleire samdrifter har ein aktiv brukar, og har heile ansvaret for drifta. (passive deltakarar) Samdrifta vert organisert som eit eige selskap, og er sjølvstendig medlem i bondelaget. Fleire har i tillegg til samdrifta produksjon på eigen gard med t.d anna storfe, gris og fjørfe. Det er hjå desse medlemmane dei fleste

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:

Boks 278, Sentrum
4002 STAVANGER

Rogaland Bondelag

Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:

Sandvikveien 21
4016 STAVANGER

Org.nr.: 939678670

Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:

51887270

Bankkonto:

Bankkonto: 8101.05. 91392

E-post:

rogaland@bondelaget.no

Internett:

http://www.bondelaget.no/rogaland/

Vår dato Vår referanse
01.03.2012 11/00265-4

reaksjonane kjem, vi driv ein gard med to organisasjonsformer og to rekneskap, og må då ha to medlemskap i bondelaget, og totale beløp vert høgt, vert det sagt.

- Om samdriftsdeltakarane skulle drive kvar for seg, ville kontingenten i dei fleste høve samla sett vore høgare enn kontingenten som samdrifta betaler. Utfordringa er at dei passive deltakarane i samdrifta som regel ikkje har interesse i å betale noko av medlemskontingenten i føretaket til samdrifta.
- Som kjent er det bare enkeltmannsføretak som kan leige mjølkekvote ,omtalt i forskriftene for mjølkekvote, og kjem inn under ordninga med tak på kontingent. Ein kan då oppleve at to naboar med likt produksjonsomfang har ulike satsar på kontingent. Den eine med samdrift og passive deltakarar, den andre med enkeltføretak med innleidd mjølkekvote i tillegg til si eiga kvote.
- Det er ikkje sett på økonomiske konsekvensar for Norges Bondelag om ein innføre tak på kontingent på alle føretak.

Mange medlemmar sitt synspunkt er at ein bør ha tak på kontingent uansett organisasjonsform på garden. Fram til nå har regelverket innan organisering av mjølkeproduksjonen og kvoteordningane vorte liberalisert. Om/når det vert innført felles kvotetak for enkeltmannsføretak og samdrifter vil problemstillinga om tak på kontingent uansett organisasjonsform verta meir aktuell.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Arnstein Gilje

Olav Sande

Vedlegg: Brev frå lokallaga i Hå kommune.

Vår dato
01.03.2012Vår referanse
11/00265-4

Bondelaga i Hå

-Nærbø, Varhaug og Søre-Hå-

Til
Rogaland Bondelag

02.01.2012

Mange aktive bønder seier opp medlemskapet sitt i N. B., og nye aktive bønder er vanskeleg å få som medlemmer. Felles for desse gruppene er at dei meiner det er for DYRT.

Spesielt er det at Samdriftmodellar ikkje har maks kontingent. Dette er urimeleg. Samdrifter og enkelmannsføretak meiner vi må ha same rutine på kontingenten.


Slik vi ser det er det ikkje godt nok at mesteparten av nye medlemmer kjem frå dei som har ei eller anna tilknytning til landbruket, og at vi ikkje når fram til dei som er nye, aktive bønder.

Vi krev at det blir ein ny gjennomgang av kontingentsystemet fordi de har skjedd stor strukturendringar (større drifteiningar) i landbruket.

Med venlig helsing


Søre-Hå Bondelag

Leiar



Varhaug Bondelag

Leiar



Nærbø Bondelag

Leiar